UTDANNINGS FORBUNDET
Øygarden

5.0 Behandle saker innmeldt frå medlemmer og klubbar innafor lokallaget, og andre saker som lokallagsstyret legg fram

Sak frå styret

Sentral tariffavtale for bruk av mobiltelefon

Krava til bruk av smarttelefon i jobb har auka, og er aukande. Mange kommunar vel å la den tilsette sjølv stille med sin private telefon, og ofte utan kompensasjon. Dette skapar personvernsutfordringar og utfordringar i forhold til tilgjengelegheit og skilje mellom privatliv og arbeid.

Mange kommunar byggjer ikkje lenger nybygg med fasttelefon, og baserer seg på dei tilsette sitt private telefonnummer og private telefonar for all telefonisk kontakt med innbyggjarane.

Det er i dag opp til kvart einskilde lokallag å forhandle med enten fylkeskommunen eller kommunen om ein avtale for bruk av mobiltelefon. Dette har ein ulike erfaringar med, og kommunane har avgrensa moglegheit og innsikt i krav til databehandling og personvern til at alle kommunar klarer å få i stand avtalar som varetek både den tilsette sin rett til personvern, privatliv og korrekt databehandling og til at føresette, barn og eleversine rettar vert oppfylte. Utdanningsforbundet Øygarden har arbeidd med denne saka sidan kommunesamanslåinga.

Forslag til vedtak:

Utdanningsforbundet skal arbeide for å laga ein sentral avtale om bruk av mobiltelefon. Avtalen må sikra at personvern, databehandling og rett til privatliv sikrast for både den tilsette og brukarane. Dersom den tilsette skal stille med privat telefon og privat telefonnummer må dette kompenserast høgt for å kompensere for slitasje og leige av telefonnummer.

Saka sendast årsmøte og fylkesårsmøtet for vedtak og vidare handsaming, og deretter til landsmøte i Utdanningsforbundet 2023.